



Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Vår dato: 07,08,2020

Postboks 5091, Majorstua

Vårt merke: 200300025-
313
041/AO

0301 OSLO

Dykkar dato:

Dykkar merke:

LÅRDAL KRAFTVERK - DETALJPLAN FOR MILJØ OG LANDSKAP – KOMMENTARER TIL HØYRINGSUTTALER FRÅ TOKKE KOMMUNE OG NATURVERNFORBUNDET

Viser til tidlegare oversendingar til NVE av plan for miljø og landskap av 21.02.2020, avgjerd frå Vestfold og Telemark Fylkeskommune vedkomande kulturminne av 15.04.2020 og e-post av 18.05.2020 med tilleggsopplysningar om produksjonssimuleringar.

Tokke kommune og Naturvernforbundet har kome med uttaler om detaljplanen til NVE, begge brev er datert 22.06.2020. I uttala frå Naturvernforbundet er det vedlagt ei «Kartlegging av naturverdiar langs Lårdalsåi i Tokke kommune i forbindelse med planlagt kraftutbygging». Kartlegginga er utført av BioFokus v/ Høytomt og Brynjulfsrud på bestilling frå Vassdragsvernrådet i Naturvernforbundet.

Tokke kommune og Naturvernforbundet har tidlegare kome med uttaler i samband med VTK sin søknad av 15.01.2020 om fristforlenging for igangsetjing av arbeidet. VTK har kommentert uttalene i brev til NVE av 18.03.2020.

I dette brevet ynskjer VTK å kommentere dei siste uttalene frå Tokke kommune og Naturvernforbundet, vedlagt kartlegginga frå BioFokus.

Kommentar til uttale frå Tokke kommune av 22.06.2020:

- Kommunen peikar på at minstevassføringa byggjer på feil fakta. I konsesjonssøknaden blei det brukt eit anna samanlikningsfelt for hydrologi enn i detaljplanen for miljø og landskap. Ved å samanlikne Lårdalsvassdraget med Bjørntjønn lokalfelt kan det vise seg at det hydrologiske grunnlaget er noko betre enn i søknaden. Dette har me gjort greie for i e-post av 18. mai. Meir nedbør og større tilsig på grunn av nye klimaprognoser var heller ikkje med i vurderingane i konsesjonssøknaden. Av desse grunnane er maks slukeevne auka med 10%.
- Effekten aukar med 25 % jf. konsesjonssøknaden. Denne auken her (større enn 10%) kjem av betre virkningsgrad i turbin/ generator, samt lågare falltap enn det som er lagt til grunn i konsesjonssøknaden. Dette er irrelevant for landskap/ miljø.
- Kommunen vektlegg reiseliv og turisme i høyringa. Trafikken langs Telemarkskanalen vil bli lite påverka av Lårdalsutbygginga. Kraftstasjonen og



VEST-TELEMARK KRAFTLAG

rørtraséen vil bli lite synleg frå Bandak sidan heile rørtraséen blir nedgravd og stasjonen ligg tilbaketrekt i landskapet. Ei elvevandring treng ikkje bli forringa av eit nytt kraftverk. Fleire av dei gamle kraftverka ligg utanfor inngrepssona til Lårdal kraftverk. Snarare kan ein tenke seg at kraftverket vil vera eit positivt eksempel på dagens og framtidig bruk av elva.

- Om lokal motstand og politiske prosessar i kommunen viser me til våre tidlegare brev til NVE i saka.

Kommentar til Naturvernforbundet si uttale av 22.06.2020 og BioFokus-notat 2020-33:

- På bakgrunn av notatet frå BioFokus har VTK innhenta ei vurdering frå Faun Naturforvaltning v/ Helge Kiland av 24.07.2020. Notatet fylgjer vedlagt. Faun konkluderer med fylgjande: *Bortsett frå Kvålofossen synest ikkje utbygging av Lårdalsåi å kome i vesentleg konflikt med det artsmangfaldet som er registrert.*
- Det er vanskeleg for VTK å diskutere det faglege innhaldet i BioFokus-rapporten ut over det Faun har gjort. Me ynskjer likevel å kommentere dei ulike naturtypene og raudlista artar som er nemnde i rapporten. I utbyggingsfasen er me sjølvstøtt interessert i å avgrense ev. skade på desse så langt som råd og rette oss etter pålegg frå NVE.
 - o Naturtypene: 1011 Bjåland Austre Ø alm, 1012 Fredtun ask, 1013 Fredtun N hagemark, 1015 Homme Ø ask, 1016 Homme Ø ask II, 1018 Tveito N ask I, 1019 Tveito N ask II, 1020 Tveito N ask III, 1021 Tveito hagemark, 1022 Tveito ask, 1023 Tveito eng, 1024 Skjelbrei Nordre S og 1025 Skjelbrei alm vil ikkje bli påverka av kratutbygginga.
 - o Naturtype 1010 Bjåland Austre Ø: Denne naturtypen vil bli påverka ved at rørtraséen går gjennom, ned til kraftstasjonen. Me vil begrense byggearealet så mykje som råd her. Det er eit stort område på 13.2 daa som bare vil bli påverka i mindre enn 2 daa. Verdi (A) er ifylgje Biofokus basert på ei samla vurdering av naturtypen, noko den også vil vera etter bygginga.
 - o Naturtype 1014 Lårdalsåi: Denne lokaliteten inkluderer Hommefossen. Den har fått verdi C.
 - o Naturtype 1017 Kvålofossen: Lokaliteten har fått samla verdi A. Etter kraftutbygginga vil området få mindre vassføring. Med unntak av området øvst i lokaliteten, der inntaket blir plassert, vil ikkje naturtypen fosseberg bli endra vesentleg.
 - o Av dei raudlista artane er det etter det me forstår ut av rapporten til Biofokus, hårkurlemose som blir framheva som verdifullt element i elva. Den finnst fleire stader i elva, på plassar som «*flommes over en sjeldan gang, men som jevnlig eller kontinuerlig påvirkes av lett fosseyr eller kjølig vind frå fosser og elvestyrk*». Denne situasjonen vil også etter utbygging vera til stades; ved minste vassføringssituasjonar, låg vassføring under 0,15 m³/s eller vassføring over 2,2 m³/s. I rapporten s. 11 er hårkurlemose kategorisert som VU – sårbar. Faun kommenterer hårkurlemose slik: «*Hårkurlemose er i NVE-rapport 50-2017 karakterisert som ein art med moderat relevans for naturtypen fossesprøytsone og fosseng.*»

Samla sett meiner VTK at dei opplysningane som har kome fram i uttalene frå Tokke kommune og Naturvernforbundet ikkje synleggjer så store negative konsekvensar at

Side: 2

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Bankgiro:	E-post adresse:
3891 Høydalsmo	35 07 57 00	35 07 57 01	2685.07.02828	firmapost@vtk.no



VEST-TELEMARK KRAFTLAG

detaljplan for miljø og landskap ikkje kan godtakast. Det er bare gjort små endringar i planane frå konsesjonen blei gjeven i 2015. VTK har gjort tilleggsundersøkingar og fått godkjent frigjerings av dei arkeologiske funna.

Dersom NVE har krav om spesielle omsyn på grunn av sårbare artar eller andre landskaps-/miljøelement, er me sjølvsagt innstilt på å imøtekoma dette. Me er trygge på at realiseringa av Lårdal kraftverk vil vera ei positiv utbygging med klart større føremoner enn ulemper.

Vasskrafta i Lårdalsåi har vore nytta i hundrevis av år. I tidlegare tider til mellom anna maling, saging, stamping og brynesteinssliping. Frå 1890-åra også til straumproduksjon. På det meste var det 4 vasskraftverk i drift på strekningen frå Kleivi til Bandak. Etter at smoltproduksjonen blei lagt ned omkring år 2000, har ein no hatt 20 år der elva for fyrste gong i historisk tid ikkje har vore utnytta til vare- og tenesteproduksjon for lokalsamfunnet. Det er forsiktig bruk som har vore det normale, ikkje dagens situasjon der åi renn utan at nokon nyttar krafta som den har i seg. Krafta i åi, i kombinasjon med kunnskapsrike og framsynte industriherrar, var sjølv grunnlaget for utviklinga av Lårdal som industristad frå 1890-åra og framover. Dette skapte arbeidsplassar og velstand for mange og forma «tettstaden» Lårdal slik den framstår i dag. Ei utbygging som VTK no søker om vil vera ei vidareføring av den stolte historia til Lårdal.

Med helsing

Ketil Kvaale
Adm. Direktør

Aslak Ofte
Sakshandsamar

Vedlegg: Helge Kiland, Faun Naturforvaltning: Kommentar til Biofokus-notat 20220-33, Torbjørn Høitomt og John Gunnar Brynjulfsrud.

Side: 3

Postadresse:
3891 Høydalsmo

Telefon:
35 07 57 00

Telefaks:
35 07 57 01

Bankgiro:
2685.07.02828

E-post adresse:
firmapost@vtk.no

Til Vest-Telemark kraftlag ved Aslak Ofte

Frå Helge Kiland, Faun Naturforvaltning

Kommentar til Biofokus-notat 2020-33, Torbjørn Høitomt og John Gunnar Brynjulvsrud.

Notatet frå Biofokus viser funn av 16 naturtypar, med svært stor verdi for deltema naturtypar.

Faun rapport 023-2013 viser liten til middels stor konsekvens. I rapporten er det skilt ut ei naturtype; bekkekløft verdi C. Det er også nemnt andre naturtypar utan at dei er skilt ut som eigne areal med faktaark. Rapporten er seinare komplettert med Faun-notat 004-2019, som viser førekomst av systemarihånd.

Faun har tidlegare (før 2013) også gjort registreringar i området (Faun rapport 2008). Det blei da også registrert naturtype stor gamle tre og hagemark med styvde asketre på austsida av Lårdalsåi. Under registreringa i 2013 blei det fyrst og fremst lagt vekt på sjølve rørgatetraseen og elvestrengen og ikkje kulturmarka på austsida av elva.

Sidan 2013 har det faglege grunnlaget endra seg ein del:

Saman med Geir Gaarder og Jon Klepsland utførte Torbjørn Høitomt ein rapport for NVE: Gaarder, G., Høitomt, T. og Klepsland, J. 2017. Kartlegging av naturtyper, moser og lav langs små vassdrag i Norge. NVE rapport 50-2017.

Statens Vegvesen kom i 2018 med si handbok V 712 Veiledning i konsekvensanalyser.

Kartleggingssystemet Natur i Norge (NiN) er utvikla og omfattar nå 749 ulike naturtypar basert på gradientar (i skog kalkinnhald og fuktighet). I NiN finn me mellom anna seminaturleg eng med 21 grunntypar. NiN gjev ikkje grunnlag for verdisetjing, men kan vera grunnlag for å vurdere førekomst av raudlista naturtypar.

Biofokus har registrert Kvålofossen som fossesprøytsone og kalkrikt fosseberg verdi A. Kalkinnhald er viktig for naturtypen. Den er ikkje skilt ut som eiga naturtype i Faun sin rapport, da verken berggrunn (kvartsitt og gabbro) og vassstype (kalkfattig) gav nokon klar indikasjon på verdifull naturtype. Funn av hårkurlemose har vore viktig for vurderinga til Biofokus.

Rik edellauvskog er av Faun karakterisert som rik blandingsskog i låglandet men ikkje skilt ut som eiga naturtype. Kva som er skilnaden mellom rik edellauvskog og rik blandingsskog i låglandet gjeng ikkje klart fram av DN-handbok 13, idet rik blandingsskog også ofte inneheld grove edellauvtre. Skogbeltet langs Lårdalsåi er usamanhengande, med innslag av både yngre lauvsuksjesjonar, gran og beitemark. Skogen har i tillegg innslag av rydningsstein, spor av eldre kraftutbygging med rørgater mv. Biofokus har skilt ut den nedre delen av skogbeltet langs åa som edellauvskog og ravineskog verdi A. Det er funne ein del raudlisteartar, særleg 4 artar på alm som er med på raudlista fordi vekstsubstratet alm også er på raudlista. Hårkurlemose er registrert også her. Andre registrerte raudlisteartar er skrukkøre, klosterlav og bleikdoggnål, alle desse også på alm. I tillegg striglekrypmose (på betong). Mosane er avhengige av vassføring, medan dei andre artane ikkje er det.

Biofokus har også registrert eit lite areal nær Fredtun bedehus som naturtype seminaturleg eng, verdi C. Her er det lagt vekt på nærleiken til elva og førekomst av ask og alm i elvekanten.

Artsinventaret elles gjev ikkje tydeleg teikn på at dette er ei naturtype, som vel etter DN-handbok 13 må kallast naturbeitemark. Dette eit område som av og til har vore slått, men som i dag ligg brakk og er relativt artsfattig. Verken artar eller hevd synes å tyde på at dette er noko eiga naturtype.

Når det gjeld naturtype bekkekløft Lårdalsåi (lokalitet 1014) og naturbeitemark Tveito eng (lokalitet 1023) er me samstemde, også i verdivurdering sjølv om ikkje det blei laga noko eige faktaark for naturtypen i 2019.

Rapporten til Biofokus er grundig og gjev eit solid inntrykk. Torbjørn Høitomt er vel kanskje landets fremste ekspert på mosar knytte til vassdrag og bekkekløftmiljø. Det faglege grunnlaget var nok ikkje på plass da Kvålofossen blei vurdert i 2013. Hårkurlemose er i NVE rapport 50-2017 karakterisert som ein art med moderat relevans for naturtypen fossesprøytsone og fosseeng. Bortsett frå Kvålofossen synest ikkje utbygging av Lårdalsåi å kome i vesentleg konflikt med det artsmangfaldet som er registrert.

Kilegrend 24.7.2020

Helge Kiland